

FULLMAKTSTRUKTUR FOR ADMINISTRASJONEN I HELSE VEST RHF

1. Bakgrunn

Administrasjonen i Helse Vest RHF skal understøtte dei oppgåver og det ansvar som til ei kvar tid kviler på administrerande direktør. Det går fram av organisasjonskartet for administrasjonen i Helse Vest RHF at dette ansvaret og desse oppgåvene er organisert i 5 avdelingar leia av kvar sin direktør og eit sekretariat leia av ein sekretariatsleiar. Kvar av desse einingane har eit ansvarsområde med nærmare definerte oppgåver. Ansvaret og oppgåvene går fram av funksjonsoversikten for administrasjonen i Helse Vest RHF.

Administrerande direktør tildeler fullmaktene som leiarane for avdelingane og sekretariatet har til eikvar tid. Fullmaktene er eit nødvendig verkemiddel for å utøve rolla som leiar av einingane og understøttande ledd for administrerande direktør.

2. Direktørane for avdelingane sine fullmakter

Direktørane har som leiarar av kvar si avdeling fullmakter som i utgangspunktet er identiske. Det er denne generelle delen av fullmaktstrukturen som blir omtala i dette punktet. Fullmaktene som er gitt direktørane omfattar fylgjande funksjonar:

- * Myndigheit til å forplikte Helse Vest RHF ved avtale ovafor tredjeperson. Denne fullmakta er avgrensa til kontraktar med ei øvre kostnadsramme på kr. 1 mill. eks.mva. Kostnadsramma inkluderer også eventuelle opsjonar. Føresetnaden er elles at ein opptrer i samsvar med regelverket om offentlege innkjøp.
- * Myndigheit til å attestere og anwise utgifter i samsvar med avdelinga sitt budsjett. For å sikre integritet i kontrollfunksjonen bør myndigheita til å attestere leggjast til ein annan person enn den som anviser.
- * Myndigheit til å gi uttale til media på vegne av Helse Vest RHF.
- * Myndigheit til å utøve arbeidsgivarfunksjonar – herunder fagleg leiing og instuksjonsmyndigheit- ovafor tilsette i avdelinga. Omfattar også myndigheit til å tilsetje personell i ledige stillingar som det er oppretta stillingsheimel for.

3. Viseadministrerende direktør sine fullmakter

Direktøren for eigaravdelinga er også tillagt funksjonen som viseadministrerende direktør i Helse Vest RHF.

Viseadministrerende direktør trer inn for administrerende direktør når sistnemnde ikkje er tilgjengeleg. I denne funksjonen har viseadministrerende direktør dei same fullmaktene som administrerende direktør og dette omfattar alle oppgåver som ikkje bør utstå til administrerende direktør er tilgjengeleg. Dette omfattar også signaturretten som styret i medhald av helseføretakslova § 39,1.ledd har delegert til administrerende direktør.

4. Leiar for sekretariatet sine fullmakter

Leiar for sekretariatet har attestasjonsmyndigheit innafor ansvarsområdet til sekretariatet.

Leiar for sekretariatet har myndigheit til å utøve ordinære arbeidsgivarfunksjonar – herunder fagleg leiing og instruksjonsmyndigheit – ovafor tilsette i avdelinga.

5. Plansjefen i fagavdelinga sine fullmakter

Plansjefen har på vegne av direktøren for fagavdelinga attestasjonsmyndigheit innafor ansvarsområdet til fagavdelinga.

Plansjefen har på vegne av direktøren for fagavdelinga myndigheit til å utøve ordinære arbeidsgivarfunksjonar – herunder fagleg leiing og instruksjonsmyndigheit – ovafor tilsette i avdelinga.

6. Særskilt fullmakt for rekneskapssjefen

Rekneskapssjefen har på vegne av finans- og økonomidirektøren anvisningsmyndigheit innafor Helse Vest RHF sitt samla budsjett.

7. Fullmaktsmatrise.

Fullmaktene som er omtala under punkta 2 – 6 er også lagt inn i matrisa nedanfor:

<i>Funksjon som det er gitt fullmakt til</i>	<i>Direktørane for avdeling-ane</i>	<i>Rekneskaps-sjef</i>	<i>Sekretariats-leiar</i>	<i>Plansjef for fag-avdelinga</i>
Myndigheit til å forplikte Helse Vest RHF ved avtale ovafor tredjeperson	X			
Myndigheit til å anwise utgifter i samsvar med avdelinga sitt budsjett	X			
Myndigheit til å anwise innafor Helse Vest RHF sitt budsjett		X *(Fullmakta har også finans- og økonomidirektøren)		
Myndigheit til å attestere for utgifter som blir påført Helse Vest RHF innafor fullmakt	X		X	X
Myndigheit til å gi uttale til media *	X			
Myndigheit til å utøve arbeidsgivarfunksjonar i tråd med prosjektplan styringsdokument	X		X	X
Myndigheit til å etablere prosjekt og regionale faglege fora	X			

* Eigen kommunikasjonsplan er utarbeidd 24.02. 2003. (Planen vil bli gjennomgått og evt. Justert).